



ÅRSMØTE I SYVDE IDRETTSLAG

Tirsdag 9. februar. 2016 kl 20.00

Sakliste

- 1: Godkjenne dei som har stemmerett
- 2: Godkjenne innkalling og sakliste
- 3: Velje sekretær, møteiar og to til å skrive under møteboka
- 4: Årsmeldingar
- 5: Rekneskap
- 6: Godkjenne ny lovnorm frå Norges idrettsforbund.
- 7: Medlemskontingent
- 8: Organisasjonsplan
- 9: Val

Årsmelding Syvde Idrettslag 2015

Styret har vore samensett slik:

- leiar Atle Midtbø
- styremedlem Aud Oddveig Nygård
- kasserar Kristian Bentsen
- sekretær Øyvind Myklebust
- styremedlem Ronny Løvoll

Varamedlemar:

- Per Magne Sjørdal
- Terje Eikrem

Revisorar har vore Geir Nordal og Steinar Nordal.

Valnemda har vorte leia av Øyvind Eikrem ilag med Magne Vik og Kurt Torvanger.

Styret har hatt 6 styremøte, og 2 møter i samband med Blåfjelden rett opp. Leiar har delteke på eit par møte i nemda for Kosterikjedagane 2015 og på årsmøtet i Vanylven Idrettsråd.


Idrettslaget har hatt 183 medlemar.

Styret si viktigaste oppgåve i året som gikk var å arrangere Blåfjelden Rett Opp. Vi har også sett på kva løysingar som finnst for elektronisk tidtaking. Her er utstyr både for leige og kjøp men styret har foreløpig kun orientert seg i markedet. I juni starta arbeidet med den nye heimesida som er levert av idrett.no. Vi har no ei moderne nettside som også fungerer på nettbrett og smarttelefon. «Railane» som var innkjøpt til alpinbakken på Øverberg har ikkje vore ibruk, og vi innsåg at vi har ikkje bakke eller forhold for å nytte slikt utstyr. «Railane» vart selde til Hornindal skisenter.

«Blåfjelden rett opp»: Løpet vart arrangert 23. mai i det mest ufysleg ver som tenkast kan. Kraftige snøbyger og sterk vind gjorde det umulig å ha målgang på Blåfjelden. Vi måtte tenke på løperane si sikkerhet og flytta difor målområdet ned i fjellsida der vi kom litt i le. Målpassering var på ca 750 m.o.h. og det synt seg å vere eit fornuftig valg. Til tross for veret vart det ny deltakarrekord i konkurranseklassa med 64 deltakarar. I mosjonklassa deltok 110. 8 stk. representerte Syvde idrettslag i konkurranseklassa.

Merete Helgheim tok sin femte siger i dameklassa og Kristen Skjeldal vann herreklassa. Kristen Skjeldal og komikar og 71* Nord deltakar Nils Ingar Ådne var innleigde for å kaste glans over løpet. Begge deltok under premieutdelinga og gjorde sitt til at det vart ei minneverdig avslutning på arrangementet.


Nytt av året var ei oppmuntring til «Beste kost», d.v.s. beste kvinnelige og mannlige utøvar som opphavelig stammar frå Kosterikjet. Iren Nordal og Karl Idar Vik fekk kvar si hue med påskrift «Blåfeldkost 2015».



Diagrammet syner utviklinga til «Blåfjelden Rett Opp»

Fjelltrimmen: For fyrste gong har antall registreringar i Fjelltrimmen gått ned. Vi har notert 3472 registreringar og vi trur at nedgangen skuldast ein sein vår og dårleg sommar. 27 personar har besøkt alle postane ein eller fleire gongar og talet på dei som har over 40 poeng har også gått ned.

Årets Fjellgeit vart Sølvi Midtbø (3) og Fjellbukk vart Joar Takset (3). Mellom dei yngste fjellvandarane hadde Anna Kristin Øvregård Thue (3), og brødrene Marius og Pål Wiik Asklund flest poeng. ? vann hotellweekend sponsa av COOP, premien vart trekt ut mellom medlemar som har besøkt alle postane i løpet av året. Styret organiserte bytting og teljing av bøkene og på årsmøtet vart dei beste premierte.



«Sykkelprosjekt Røfsdalen» vart lagt på is p.g.a. manglande tilbakemelding frå Myklebust sameige og minkande interesse frå sykkelgruppa. I det seinare har vi fått positiv respons på ideen frå Myklebust sameige.

Per dato har 40 personar valgt Syvde Idrettslag som mottakar til sin grasrotandel, 31 personar kjøpte sesongkort parkering, 8 privat personar støttar løypekøyning på Øverberg i tillegg til Blomsterkjellaren i Syvde.

Styret har ikkje full oversikt over kven av våre medlemmar som har representert idrettslaget på ulike idrettsarrangement i løpet av året, men vi veit at det har vore deltakelse i Birkebeinerrittet, Birkebeinerløpet, Hornindal Rundt, Stadlandet Rett Vest og Hovda Rundt. Her var det mange gode prestasjonar, og vi vil gratulere Oddbjørg Nordal som representerte Syvde IL og sykla seg til merket i «Birken» for tredje gong.

På slutten av året vart Åge SørDAL tildelt Vanylven Kommune sin kulturpris, blant anna for sin innsats på Øverberg. Vi gratulerer Åge med velfortjent oppmerksomhet.

Styret til slutt takke for innsatsen til dei som har delteke i styret og nemder og som ikkje vert med vidare, til alle dokke som støttar idrettslaget med sponsormidlar, og TUSEN TAKK til alle dokke som bruker noko av fritida på å holde hjula igong.

For styret: Atle Midtbø- leiar

Årsmelding Øverberg skisenter

Driftsstyret har i 2015 bestått av:

-Arild Midtbø – leiar

-Kåre Lade

-Andre Sandnes

-Bjørn Skår

-Rolf Åge Sjørdal

Januar starta med snø i høgda og vi fekk godt grunnlag for løypekøyring. Allereide like oppunder jul hadde vi første turen, også julafta vart det oppkøyrte løyper. Det var jamt gode forhold til over påske.

Snømengda var dessverre for lita til at bakken kunne trakkast.

Det er hovedsakleg Rolf Åge og Arild som har køyrt trakkemaskina.

Gjennom vintersesongen såg ein at det var nødvendig med fleire stikker i traseen og i løpet av sommaren vart den gått over og komplettert med nye.

Det vart skifta ny stol til nedre stasjon på trekket. Etter pålegg frå Taubanetilsynet vart også ein del av medbringarane utbetra.

Det var meininga å skifte glas i varместova, men tida gjekk ifrå oss og berre eit glas vart skifta.

Elles har det vore utført vanleg vedlikehald, oljeskift etc på trakkemaskina.

Arild Midtbø

-leiar-

Årsmelding Turgruppa:

Medlemmar: Siv Vik, Dagrunn Øvregård, Silje Ruud, Rolf-Åge Sjørdal, Gunnar Eikrem, Roar Oseberg, Eivind Breiteig, Sara Larsson – leiar.

Vi har haft två möten. Det första når gruppen blev konstituerad. Den andra i samband med planläggning av Øverberggrunda. Det mötet blev hålt på Øverberg 02.03.2015 kl 20.00.

Vi hade ett bra upplägg på Øverbegrunda där alla var positiva. Alla blev tilldelt olika ansvarområden. Alt var i boks men dessverre blev den inte av pga av lite snø.

På samma møte planerade vi in olika turer. Alla (utom leiar) tog ansvar før varsin tur.

Dessa turer blev av:

04.04.2015, Skitur till Sandfjelltua. Turleiar, Roar Oseberg

29.07.2015, Vikehornet. Turleiar, Dagrunn Øvregård og Siv Vik, 11 deltakere.

23.08.2015, 4 over 100 m. Turleiar Atle Midtbø, 21 deltakere

06.09.2015, Klakken. Turleiar Åge SørDAL, Svein-Tore SørDAL

13.09.2015, Kvandalshornet. Turleiar Eivind Breiteig, 3 deltagare

20.09.2015, Skårtinden. Turleiar Dagrunn Øvregård, 9 deltagare

Sara Larsson, leiar 2015

Paintball team

Har bestått av:

Ole Kristian Midtbø (leiar)

Sigurd Eikrem

Terje Eikrem

Det har ikkje vore aktivitet i gruppa.